



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Torgeir Flo, 55 57 21 46

Vår dato  
23.12.2013  
Dykkar dato  
05.11.2013

Vår referanse  
2013/11168 421.4  
Dykkar referanse  
07/9175

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### **Bergensregionen - Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet - høyring av planprogram**

Vi viser til brev med vedlegg 05.11.2013 frå Fylkeskommunen om høyring av framlegg til revidert planprogram for regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i bergensområdet.

Fylkesmannen registrerer at fylkeskommunen arbeider vidare med ein regional plan med føremål å greie ut alternative løysingar og lokaliseringar for framtidig godshamn i bergensområdet. Å legge til rette for auka godstransport på sjø og bane er eit nasjonalt mål slik det går fram av programframlegget.

Det går fram av saka frå fylkeskommunen at ein i planen vil greie ut eit 0-alternativ med utgangspunkt i Bergen indre hamn, eit kombinasjonsalternativ kor hamnefunksjonane vert delt mellom Bergen indre hamn, Ågotnes/CCB og Mongstad og eit alternativ i områda kring Bergen lufthamn.

I vedlegga til saka inngår mellom anna ei mogleighetsstudie for fleslandsområdet. Ein har vurdert heile åtte ulike område om dei er eigna som framtidig godshamn, og om det kan først fram jernbane til området. Ut frå dette har ein tilrådd vidare utgreiingsarbeid for tre av dei åtte områda ved Flesland.

Fylkesmannen finn silingsprosessen noko mangelfull. Sett bort i frå tekniske krav til områda, går det mellom anna ikkje fram korleis ein har vekta dei ulike interessene mot kvarandre. Vi saknar til dømes ei nærare grunngjeving for at områda i nord (A og B) er forkasta av omsyn til Forsvaret. Vi meiner det må gjerast ei grundigare drøfting av alle dei alternativa som møter dei tekniske krava. Til dømes er ei «aktsomhetsgrense» i utgangspunktet ikkje ein absolutt «forbod», men er eit område kor ein må ta særskilde omsyn.

Som nemnt innleiingsvis, er det eit mål å auke andelen godstransport på sjø og bane, men som det går fram av utkast til planprogram, er det ikkje klårt om trongen for ei samankopling av desse formene for godstransport vil auke i framtida. I dag er det heilt marginale godstransportmengder som går mellom båt og bane i Bergensområdet. Då jernbanetilknytning legg ytterlegare avgrensingar på moglege lokaliseringar av godshamn, burde det vore avklåra om dette er godstransportmessig rasjonelt før ein startar leiting etter område for ny hamn.

Fleslandsalternativet vert elles i realiteten ei «samlokalisering» med ein flyplass. Det gjev ekstra utfordringar med omsyn til risiko og sårbarheit. I tillegg til reint flyoperative omsyn, må det også takast omsyn til at godshandtering venteleg vil femne om farleg gods.

Vi saknar vidare referansar til nasjonale forventingar når det gjeld til dømes strandsonevern, omsyn til born og unge i planlegginga og klimamålsetting, som skal leggest til grunn ved regional og kommunal planlegging.

#### Merknader til framlegg til utgreiingstema i KU

Når det gjeld tema Forureining/Klimagassutslepp, vil vi minne om at utslepp i samband med etablering av tiltaket må inkludrast i klimarekneskapen.

Då nokre alternativ vil føre til omfattande inngrep i ope kystlandskap, er det viktig å utarbeide gode visualiseringar av verknadane av inngrepa.

Strandsona er gjeve eit ekstra vern i plan- og bygningslova §1-8. Dette vernet er fylgd opp med eiga statleg planretningsline. Då nokre av alternativa inkluderar urørde strandområde, bør dette temaet takast inn som eige utgreiingstema og i samanlikninga av alternativa som vert utgreidde.

Omsynet til born og unge må utvidast. Det er ikkje godt nok å avgrense temaet til bustad og nærmiljø, då kystlina og skjergarden med øyar osb vert nytta av mange grupper i heile bergensregionen, inkludert born og unge, jfr også RPR når det gjelde krav til medverknad.

Under temaet folkehelse bør det inngå ein analyse av verknadene på folkehelsa av at mykje nytta friluftsområde vert råka, viss nokre av Fleslandsalternativet vert realisert.

Som nemnt over, vil samlokalisering med flyplassen gje ekstra utfordringar knytt mellom anna til farleg gods. Vi legg til grunn at ROS-analysen også inkluderer slike tema.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterende fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes  
avdelingsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*